



Laura Louise Krossøy
Risasjøvegen 291
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3398 - 23/7020

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
26.01.2023

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 123/169

Tiltak: Lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktank
Byggjestad: GBNR: 123/169
Tiltakshavar: Laura Louise Krossøy

Viser til vårt brev av 07.07.2022 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Risasjøvegen 291. Frist for utbetring av tanken var **01.10.2022**.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å rette opp avviket på tanken slik at den tilfredstillar dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn de informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve»*.

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med

bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Dersom du er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspiktig tiltak, kan du ta kontakt med Alver kommune.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen er utbetra.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 31.03.2023** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at lekkasjen i tanken vert lokalisert og tetta.

Vi varslar også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **10.000,-** og løpande dagmulkt på kr. **200,-**, dersom det ulovlege tilhøvet ikkje er retta innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 31.03.2023**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Laura Louise Krossøy

Laura Louise Krossøy

Risasjøvegen 291

Risasjøvegen 291

5955

5955

Lindås

LINDÅS